

Berit Skjevling

Fra: Per Steinar Husby <per.steinar@psaktiv.no>
Sendt: 16. mai 2019 13:34
Til: Berit Skjevling
Kopi: Odd Mareno Bæverfjord
Emne: SV: FV i Øksendal - ved Ångarden

Hei.

Lager eit kort oppsett basert på stikkorda i forskrifta.

a) Formålet med planen.

Formålet med planen er å utarbeide det nødvendige plangrunnlaget som trengs for å kunne flytte fylkesvegen i Øksendal som i dag går gjennom tunet i Ångarden(64-2) ut av tunet. Ved en slik omlegging ønsker ein å oppnå ein klar trafikktrykingsgevinst og å bidra til at gardstunets kulturverdiar ikkje blir forringa gjennom ei stadig aukande trafikkbelastning. Plana skal og avklare dei interessemotsetnadane som kan vere mellom måla nemnt ovanfor og dei krav og ynskjer som både Statens Vegvesen og Riksantikvaren har i planområdet.

c) Planområdet og om planarbeidet vil får virkninger utenfor planområdet.

Tiltent planområde går fram av vedlagt kart. Nøyaktig planavgrensing ynskjer ein å drøft på oppstartsmøtet. Frå planområdets sørlege grense og opp til enden på fylkesvegen er det ca. 12. km. Statens Vegvesen har gjennom trafikkmålingar i september 2018 påvist at det er knapt 400 passeringar i døgnet gjennom tunet i Ångarden. Ved ei vegomlegging her vil dette og ha positive verknadar for trafikantane som dagleg passerer gjennom.

d) Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak.

Det er ikkje planlagt ny bebyggelse som ein følgje av denne plana. Utover omlegginga av veggen, og da avkøyrslar o.l., er det ikkje tiltent ny aktivitet utover det som er i området i dag.

e) Utbyggingsvolum og byggehøyder.

Som nemnt ovanfor, så er det ikkje lagt til grunn andre endringar i aktiviteten, eller ny aktivitet i området, utover det som ei normal utvikling i landbruket uansett ville ha ført til.

f) Funksjonell og miljømessig kvalitet.

Gjennom denne vegomlegginga oppnår ein ein tydeleg betre kurvatur på veggen og stor forbetring i siktforhold ved fleire avkøyringar. Når det gjeld miljømessige kvalitetar så er desse først og fremst knytt til kulturverdiar både ved den gamle gravplassen og til verdien i eit gammalt gardstun med fleire svært gamle bygningar. Også spørsmål knytt til omdisponering av dyrkamark og arrondering av denne vil vere tema.

g) Tiltakets virkning på, og tilpassing til, landskap og omgivelser.

Slik både dagens veg og ny veg ligg/vil ligge i terrenget, er utfordringar knytt til over nemnte tema avgrensa.

h) Forholdet til kommuneplan.

Som kjent så har Sunndal kommune akkurat handsama kommuneplana sin arealdel i området. Spørsmålet om endring av veggen her var foreslege av kommunen men trekt etter motsegn frå Fylkeskommunen. Elles er ikkje området ein del av ei reguleringsplan, heller ikkje andre pågåande arealplaner.

i) Vesentlige interesser som berøres av planinitiativet.

Desse er nemnt ovanfor og er i hovudsak trafikkikkerheit, kulturvern knytt til både gravplassen og gardstunet og landbruksinteressene knytt til jordvern og arrondering.

j) Hvordan samfunnsikkerhet skal ivaretas.

Så langt vurder ein utfordringar knytt til dette forholdet til å vere svært avgrensa.

k) Hvilke berørte offentlige organer og andre interesse som skal varsles om planoppstart.

Det er tre grunneigarar som vil bli berørt. Øksendal Bygdalag har og teke opp spørsmålet. Statens Vegvesen og både fylkeskommunale og nasjonale antikvariske er det naturleg får melding.


l) Prosesser for samarbeid og medvikriking.

Dei to andre grunneigarane er orientert over telefon om ynskje om planstart og det vil, ein av dei fyrste dagane, bli halde eit møte med dei.

Kulturinteressene regionalt og nasjonalt er alt godt kjent med saka. Det same er Statens Vegvesen og Sunndal kommune.

Mvh

Per Steinar Husby



Fra: Berit Skjevling <Berit.Skjevling@sunndal.kommune.no>

Sendt: 14. mai 2019 11:57

Til: Per Steinar Husby <per.steinar@psaktiv.no>

Emne: SV: FV i Øksendal - ved Ångarden

Hei!

Ja, tirsdag kl. 13 passer godt for meg.

Det er imidlertid en forskrift <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-12-08-1950>

Kan du sende et brev/planinitiativ med oppsummering og beskrivelse av bakgrunnen og hensikten med planen.

Dette er nyttig å ha både som grunnlag for oppstartsmøtet og videre saksgang. Vi vet jo en del om dette fra tidligere korrespondanse og møter men det er fint å få en oppsummering av dette for videre saksgang.

Vennlig hilsen

Berit Skjevling

Arealplanlegger Sunndal kommune

Tlf 90113194

Fra: Per Steinar Husby [<mailto:per.steinar@psaktiv.no>]

Sendt: 14. mai 2019 08:31

Til: Berit Skjevling <Berit.Skjevling@sunndal.kommune.no>

Kopi: Odd Mareno Bæverfjord <omb@suconsult.no>; Supatra Bæverfjord <supatra@suconsult.no>

Emne: FV i Øksendal - ved Ångarden

God dag.

Eg viser til fleire tidlegare møter om saka.

Da mellom anna med representantar for Riksantikvaren, Fylkeskommunen og kommunen og til dei vurderingar som vart gjort ved handsaming av kommunen si arealplan i 2018.

Det har i desse møta vore semje om at det må utarbeidast ei reguleringsplan for det aktuelle området og at kommunen sjølv ikkje har kapasitet til å ta dette arbeidet.

Vi som grunneigarar er no i samtalar med Suconsult AS om å bistå oss i dette arbeidet.

I den samanheng ber vi om tid til eit oppstarts/avklaringsmøte med kommunen og foreslår at vi kjem til dykk;

tysdag den 21.05.19 kl. 13.00.

Eg håper det kan passe.

Mvh

Per Steinar Husby